



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Råd for menneske med funksjonshindring

Møtedato: 05.02.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 13.00 - 15.00

Møtedeltakarar	Parti
Anne Tove G. Ingvaldstad	SP
Berit Søvik Østerhus	SP
Jan Arne Hansen	U

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Helge Mæle	U
Ingrid Pedersen	U

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Ola Marvik	SP
Egil Hovda	U

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
001/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
002/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
003/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
004/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
005/26	Seniortaxi og ungdomstaxi - oppsummering og regelendring
006/26	Bruksendring frå omsorgsbustad til kommunal bustad
007/26	Saksframlegg om ordning for ferietilskot til menneske med nedsett funksjonsordning

001/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Røysting:

FUNK - 001/26 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

002/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Røysting:

FUNK - 002/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

003/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Samferdselsdepartementet har vedteke at ledsager til personar med ledsagerbevis, no kan reisa gratis med kollektivtransport. Ei slik ordning eksisterte tidlegare berre i Akershus ved Ruter, men no skal det gjelda for heile landet. Ordninga trer i kraft seinast 1.juli 2026

Henvendelse til Spar Hjelmeland ang. parkering for bevegelseshemma/handikapparkering. Blei det sendt brev til Spar Hjelmeland på vegne av rådet? Sjekker opp status på dette til neste møte.

FUNK - 003/26 Vedtak:

Sakene tas til orientering.

004/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Velferdsteknologi:

Heimetenesten tar i bruk innbyggjardialog og avtaleoversikt via Helsenorg. Då kan brukarar av heimetenesten, og eventuelt deira pårørande, skrive og motta meldingar med heimetenesten på ein sikker måte, og dei kan sjå framtidige og gjennomførte avtalar.

På Årdal omsorgssentar skal appen Tannhelsehjelpen tas i bruk. Via denne appen kan dei tilsette samhandle digitale med tannklinikken ved å diskutere problemstillingar, sende bilde og foreta videokonsultasjonar. Dette vil redusere behovet bebuerane har for å reise til tannklinikken. I løysninga ligg det også eit kompetansebibliotek for dei tilsette med oppdatert og kvalitetssikra informasjon om tann- og munnhelse.

Samlokalisering omsorgssenter:

Konkurranse om prosjektleiartenester til forprosjekt på samlokaliseringa er lyst ut, med planlagt kontraktsinngåing i april 2026. Når prosjektleiar er på plass, vil kommunen få eit betre grunnlag for vidare avklaringar og detaljert framdriftsplan. Forprosjektet er estimert til 2 år, men ein påfølgande gjennomføringsfase på 3 år. Kommunen har mottatt 800 000 kroner i prosjektskjønnsmidlar frå Statsforvaltaren til arbeid med medverknad, kompetanseheving og organisasjonsutvikling, som skal gjennomførast i samarbeid mellom stab helse og omsorg og prosjektleiar.

Samlokalisering av Hjelmeland barnehage:

- Hjelmeland barnehage skal samlokalisrast i Nøtteskogen. Planen er å starta byggearbeidet i samband med samlokaliseringa i løpet av mars månad, med mål om innflytting i januar 2027. Samlokaliseringa skal leggja til rette for tettare samarbeid, betre utnytting av kompetanse og eit trygt og inkluderande barnehagemiljø for barna. Vedtak om samlokalisering vart fatta av kommunestyret i oktober 2025. Enkel bygg har fått oppdraget.

FUNK - 004/26 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering

005/26: Seniortaxi og ungdomstaxi - oppsummering og regelendring

Forslag til vedtak

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

03.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling:

UNG - 006/26 **Vedtak:**

Ungdomsrådet trur den auka bevilgninga i budsjettet til ungdomstaxi er rett.

Dei andre momenta vert tekne til orientering:

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir striken.

Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Tilleggsforslag:, foreslått av Berit Sjøvik Østerhus, Senterpartiet

Rådet ser behov for at det opprettes ei taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne, og ber administrasjonen lage forslag til saksfremlegg til møte i september.

Rådet ser behov for ei eiga taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette vart meldt inn til kulturleiar i fjor, og kulturleiar har i forkant av dette møte informert sekretær om at dette er tatt opp med Kolumbus, og svaret frå Kolumbus er at dei ikkje vil være med på ei ny ordning, så ei slik ordning må i tilfelle finansierast fult ut av kommunen. Viss rådet ynskjer at kommunen skal etablere ei slik ordning må rådet melde opp ei eiga sak på dette.

Røysting opprinneleg forslag: samrøystet vedteke

Røysting tilleggsforslag: samrøystes vedteke.

FUNK - 005/26 **Vedtak:**

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir striken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

Rådet ser behov for at det opprettes ei taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne, og ber administrasjonen lage forslag til saksfremlegg til møte i september.

006/26: Bruksendring frå omsorgsbustad til kommunal bustad

Forslag til vedtak

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

05.02.2026 Seniorrådet

Behandling:

Røysting: samrøystes vedteke

ELD - 007/26 Vedtak:

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Alternativt forslag: , foreslått av Berit Sjøvik Østerhus, Senterpartiet

Rådet utsett avgjersle i saka, og sender saka tilbake med ynskjer om meir saksutgreiing.

Medlem Østerhus stiller spørsmål om sin habilitet då ho har ein svoger som bur i omsorgsbustad i etg over nemde bustader. Medlem Gundersen meiner medlem Østerhus ikkje er inhabil.

Røysting forslag Gundersen: samrøystes.

Rådet etterlyser meir informasjon i saka. Dei ynskjer meir informasjon om økonomi, om det er venteliste på omsorgsbustadar og bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden, om bustader for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden er det same som kommunal bustad, om denne bruksendringa kan gjerast midlertidig i påvente av samlokaliseringa. Rådet vil ikkje fatte vedtak i saka før saka er meir opplyst, og utett saka.

Medlem Østerhus legg inn alternativt forslag til vedtak.

Røysting alternativt forslag til vedtak: samrøystes

FUNK - 006/26 Vedtak:

Rådet utsett avgjersle i saka, og sender saka tilbake med ynskjer om meir sakutgreiing.

007/26: Saksframlegg om ordning for ferietilskot til menneske med nedsett funksjonsordning

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Rådet går gjennom og gjer enkelte endringar på utkast til saksframlegg *Ordning for ferietilskot til menneske med nedsett funksjonsevne*, som er sendt til rådet per e-post. Rådet melder saka opp til neste møte i formannskapet.

Røysting: samrøystes

FUNK - 007/26 Vedtak:

Saksframlegg *Ordning for ferietilskot til menneske med nedsett funksjonsevne* meldes opp til formannskapet 18.03.26